




Er du ein 4H-ar?

Er du allereie medlem i ein av dei mange hundre 4H-klubbane i landet? Tenker du på å bli det? Eller går du kanskje rundt og er ein typisk 4H-ar heilt utan å vite det?

Nesten 17 000 norske born og unge veit allereie kor spennande, gøy og utfordrande 4H-arar har det. Andre har endå ikkje oppdaga at dei eigentleg er ein tvers gjennom ekte 4H-ar, og at det einaste dei manglar, er ein 4H-klubb.

Er du ein av oss?



Kva er ein 4H-ar?


Ein 4H-ar likar:

- å få nye vener
- å reise på spennande turar og leirar
- å gjere kule ting ute – og ha det gøy inne
- å gjere ting saman med andre – og fikse ting på eiga hand
 - å finne ut at ein klarar meir enn ein trudde
 - å bestemme sjølv og nå eigne mål.



Kjenner du deg igjen?

FAKTA: 4H skal utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjennele og respekt for natur og menneske.





Vanskeleg å velje?

Likar du dyr? Design? Friluftsliv? Skating? Strikking? Foto? Motorar? Matlaging? Teater? Men du rekk vel ikkje å prøve alt du har lyst til??

Høyr: 4H-arar har det litt enklare enn andre. Dei slepp nemleg å velje éin bestemt aktivitet. I 4H får du prøve deg på litt av kvart og mykje forskjellig. Nettopp fordi vi veit at du blir både klokare og gladare av å bruke kroppen og hovudet på ulike måtar.

Turar, leirar og eigne prosjekt gir deg masse å velje i.

Kva vil du velje?

FAKTA: Kvart år gjennomfører 4H-medlemmane eit prosjekt, anten åleine eller i lag med andre i 4H-klubben. Dei vel sjølv tema for prosjektet.



Klar til å dra heimanfrå?



FAKTA: Kwart år får alle 4H-medlemar tilbod om å delta på leir. Det er aspirantleir for dei yngste, og fylkesleir, landsleir eller nordisk leir for dei eldste. Det finst òg internasjonale utvekslingsprogram.



Pakk soveposen og teltet. I 4H finn vi alltid ein grunn til å reise på leir. Korte klubbturnar med overnatting, bål og grilling er bra. Fylkesleirar – passe langt heimanfrå – med konkurransar, teater, volleyball, disko, tryllekurs og båtliv er betre.




Aller best er det å dra på landsleir. Ei heil veke med 4H-arar frå alle kantar av landet. Lange sommardagar med tettepakka program og likevel god tid til å gjere ingenting anna enn å vere i lag.



Men leirane stoppar ikkje ved svenskegrensa. Heng du med som 4H-ar, får du tilbod om å dra på nordisk leir eller delta i internasjonale utvekslingsprogram der du får oppleve nye land og verdsdelar.

I 4H kan du til og med velje leir som 4H-prosjekt. Slå den!

God tur!



FAKTA: 4H er ein medlemsstyrt organisasjon kor medlemene sjølv avgjer kva dei vil utforske og tileigne seg kunnskap om.

4H sitt motto: Å lære ved å gjere



Lyst til å bestemme sjølv?

I 4H er det klubbmedlemene sjølv som bestemmer. Dei vel eit styre mellom medlemene. Dei legg planar for kva dei vil gjere og kor dei vil dra på tur. I 4H har alle rett til å sei det dei meiner. Herleg, ikkje sant?

Men av og til kan det vere vanskeleg å ta avgjersler. Spesielt når ikkje alle er samde. I 4H veit vi at ein blir betre i alt når vi øver på

det. Derfor øver vi også på å ha respekt for andre sine meiningar og på å finne løysingar som alle kan leve med. Det blir kalla demokrati.

Heldigvis slepp 4H-arane å ta alle vala heilt på eiga hand. Alle 4H-klubbar har vaksne de kan spørje om hjelp og gode råd.

Du bestemmer!



Tøff nok til å ta i eit tak?

Då er du ein typisk 4H-ar. Vi trur nemleg at det er viktig å engasjere seg.

Ein 4H-ar:

- bryr seg om naturen og andre menneske
- tar ansvar for eigne val
- har respekt for andre sine meiningar
- trur at alle har noko å bidra med og at alle kan bli betre ved å øve
- veit at alt i naturen må fungere i lag for å skape ei betre verd.

Rundt omkring i verda finst det over 7 millionar 4H-arar.

Det nytter!



4H-lovnaden: Vi lovar å arbeide mot det mål å verte ein ungdom med klårt hovud, varmt hjarte, flinke hender og god helse.

Klårt hovud – Varmt hjarte – Flinke hender – God helse

Blir du med?
Supert – vi sjåast!

På www.4h.no kan du lese meir om 4H der du bur.

4H Norge • Postadresse: Postboks 113, 2026 Skjetten • Besøksadresse: Bråteveien 200, 2013 Skjetten
Telefon: 64 83 21 00 • Faks: 64 83 21 19 • E-post: 4hnorge@4h.no • Internett: www.4h.no



Foto: 4H arkiv
Tekst: Ragnhild Tokstad Bergsmyr
Design: Løwehjerte.no
Trykk: BK Grafisk